

1 UTLEIGERELEMENT - BYGG OG ANLEGG, ALVER KOMMUNE

Reglementet inneheld ei oversikt over korleis du kan nytte kommunale lokale og anlegg og kva du må ta omsyn til.

Gjennom Alver kommune sitt bookingsystem på nettsida kan du bestille tid og plass både når det gjeld fast bruk og ved einskilde høve. Tildelinga kan verte gjort desentralisert. Kontaktpunkt finn du ved det einskilde anlegget.

Du kan forvente at du kan ta i bruk bygget, lokalet eller anlegget etter formålet. Vi forventar av deg som brukar at du tek godt vare på lokala og anlegga, tilpassar deg andre brukarar og melder frå til oss om du ser manglar eller moglege forbetringar.

1.1 OVERORDNA OMSYN

- Tildeling av faste tider gjeld i utgangspunktet frå 1. august til 31. juli, dersom ikkje anna er oppgitt. Utleige av skulelokale følgjer skuleruta og er stengd i skulen sine feriar.
- Lokale ordensreglar kan gjelde for einskilde lokale og anlegg
- Alver kommune er varsam når det gjeld utlån/utleige som kan vere i konkurranse med organisasjonsdrivne bygg og lokale.
- Tilskot til einskilde arrangement vert ikkje gjeve i form av redusert leige.
- Skal ein ha arrangement som omfattar dyr vert det i kvar tilfelle gjort særskild vurdering med omsyn til allergikarar.
- Ved spørsmål om bruk av lokale og anlegg til overnatting skal dette vurderast i kvart enkelt tilfelle.
- For lag, organisasjonar og bedrifter må ein ha verv eller vere tilsett på ein måte som gir rett til å forplikte organisasjonen eller bedrifta.
- Bryt ein reglementet kan ein få tilleggsgebyr og/eller avslag ved seinare høve. Vert Alver kommune påført tilleggsarbeid grunna brot på regelverket vert ein kravd for arbeidstimar. Dette gjeld også ved leige som elles er kostnadsfritt.
- Klagefrist er tre veker. Klage kan rettast til den instansen som er kontaktpunkt for anlegget.
- Dersom arrangement eller aktørar vert vurdert til å stå i konflikt med kommunen sitt verdisett, kan avslag gjevast. Biblioteka kan nyttast til formål i tråd med §1 i Lov om folkebibliotek, etter vurdering hos biblioteksjef.
- Enkeltløyve etter alkohollova for opne arrangement, jubileum for lag og organisasjonar og markeringar med stor verdi i regionen vert handsama etter kommunens alkoholpolitiske retningsliner.
- Regelverket omfattar også kommunale eigedomar der det er inngått driftsavtale med andre aktørar
- Alver idrettsråd og Alver kulturråd er høyringsinstansar når det gjeld utlånsreglement og prisar.

1.1.1 Generelle bruksreglar

- Det er ikkje tillate å drive framleige av kommunale eigedomar eller på andre måtar låne dei vidare.
- Ein kan ta inngangspengar ved opne arrangement, men kan elles ikkje ta særskilt betalt frå deltakarar eller medlemmar for bruk.
- Ein er sjølv ansvarleg for orden og tryggleik og at ikkje uvedkommande får tilgang. Dette gjeld også når det er tilsynsvakt i nærleiken. Det skal alltid vere nokon over 18 år til stades (eventuelle

unntak sjå punkt 1.4). Brukar ein ikkje tildelt tid skal ein melde frå om dette snarast. Dersom ein utan varsel uteblir tre gongar eller meir kan dette få følgjer for tildelt tid og føre til avslag ved seinare høve.

- Ein er ansvarleg for eventuelt hærverk eller skadar på lokalet eller anlegget også ved opne arrangement. Hærverk eller skade må meldast frå om ved første høve.
- Ein skal vere ferdig rydda innan tildelt tid.
- Ein har sjølv ansvar for verdisaker.
- Ved avlysing grunna uføresette hendingar, force majeure etc. har ein ikkje krav ovanfor Alver kommune.
- Lokalet eller anlegget vert stilt til disposisjon i den tilstand det er.

1.2 IDRETTSANLEGG

- Idrettsanlegg skal i første rekke nyttast til ålmenn idrettsleg aktivitet og vidare til messer, større idrettsarrangement, andre kulturarrangement og samlingar.
- Aktivitetar i regi av frivillige aktørar heimehøyrande i Alver for og med barn og unge under 19 år har gratis bruk av idrettsanlegg. Frivillige aktørar heimehøyrande i Alver kan leige idrettsanlegg til opne kulturarrangement og -samlingar til lågare kostnad enn for kommersielle.
- Kvardagar skal primært gå til treningsaktivitet. Kampar og arrangement på kvardagar skal så langt som mogleg leggjast til eigen treningstid. Arrangement skal så langt som råd leggjast til helg.
- Større enkeltarrangement går framfor faste hendingar. Arrangement skal varslast minst to veker på førehand.
- For symjebasseng har ein plikt til å ha personar med godkjent livredningskurs til stades til ei kvar tid.
- Laust utstyr som følgjer bygg/anlegg kan ha eigne ordensreglar ved bruk. Dersom ein har løyve til bruk av lager for oppbevaring av utstyr vil dette som hovudregel medføre krav om at utstyret kan disponerast av andre brukarar.
- For bruk av friluftsanlegg og -utstyr gjeld lokale ordenreglar.
- Grupper med særskilte behov skal ha fortrinn.

1.2.1 Tildelingsprosess

Følgjande prioritering gjeld ved tildeling av tid ved idrettsanlegg

1. Organisert aktivitet for barn og unge opp til 19 år heimehøyrande i Alver
2. Organisert aktivitet for vaksne heimehøyrande i Alver
3. Uorganisert aktivitet for barn og unge opp til 19 år.
4. Kommersielle aktørar heimehøyrande i Alver
5. Lag og privatpersonar som ikkje høyrer heime i Alver
6. Kommersielle aktørar som ikkje høyrer heime i Alver
7. All tid som er ledig etter at fordeling av faste tider er gjennomført, kan fordelast fortløpande til alle aktørar, uavhengig av om dei er heimehøyrande i Alver kommune.

Søknadsfrist for tildeling av fast tid er 1. april kvart år. Fordeling vert sendt på høyring innan 1. mai med klagefrist på tre veker. Endeleg timeplan vert sendt ut medio juni. Alver idrettsråd er høyringsinstans ved tildeling av fast tid og eventuelle klager på tildelte tider.

1.3 SKULAR, BARNEHAGAR OG MØTEROM I ADMINISTRATIVE BYGG

- Politiske parti heimehøyrande i Alver har kostnadsfri bruk av møterom og lokale til liknande formål i administrative bygg og skular.
- Aktivitetar i regi av frivillige aktørar heimehøyrande i Alver for og med barn og unge under 19 år har kostnadsfri bruk av eigna lokale i skular.
- Det er gratis leige av enkeltrom i skulebygg til lag og organisasjonar (gjeld ikkje fleirbrukshallar). Born og unge skal prioriterast ved tildeling av faste tider.
- Aktivitetar etter vaksenopplæringslova har kostnadsfri bruk av eigna lokale.
- Møterom og forsamlingslokale i administrative bygg kan leigast ut etter lokale ordensreglar.
- For bruk av skular og barnehagar til feiringar, markeringar og møte gjeld lokale ordensreglar.
- Overnatting kan tillatast etter særskilt vurdering.

1.4 BIBLIOTEK, UNGDOMSKLUBBAR, ØVINGSROM OG KULTURBYGG

- Biblioteka kan nyttast til arrangement som fremjer opplysing, utdanning, kulturell verksemd og arrangement som fremjer biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale. For bruk av biblioteka til offentleg samtale og debatt er biblioteksjef kontaktpunkt og redaktør.
- Ungdomsklubbar kan nyttast til eigenorganiserte og frivillig eller kommunalt organiserte aktivitetar for, av og med ungdom i samråd med det lokale klubbstyret og lokale ordensreglar. Aldersgrense for utlån etter avtale kan setjast til 16 år ved særskild tilrettelegging.
- For bruk av spesialbygde øvingsrom gjeld eigne ordensreglar. Aldersgrense for utlån etter avtale kan setjast til 16 år ved særskild tilrettelegging.
- Tingstova og Prestegarden på Manger leigast ut etter lokale ordensreglar.
- Kulturbygg og kulturlokale som er særskild bygd for ålmenn kulturell verksemd, skal sørgje for eitt breitt spekter av kulturuttrykk der alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturverksemd.
- Kostnad og prioritering for bruk av kulturbygg vert differensiert etter eigne satsar med lokale ordensreglar knytt til kompetanse og bruk av teknisk utstyr, målgruppe, aktørar, kunstneriske vurderingar og bygget si rolle i lokalsamfunnet.
- Kulturbygg kan ikkje nyttast som selskapslokale eller til faste undervisningsformål.